



friskt

Liv, helse og vekst
til våre kundar og
vår vakre natur!

Nr 9 | Mai 2020 | årg. 5



Laget vårt leverer vatn og avløp - kristiske samfunnstenester!



Kundemagasinet



Les meir om
korleis me
arbeider i ei
unntakstid!



Audun Halleraker
Dagleg leiar BVA

Laget vårt er avgjerande

Me er inne i ei merkeleg tid, med unntakstilstand og ekstraordinære tiltak. I BVA har me budd oss til å hanskast med det, og legg opp dagen etter det.

2019 var eit fantastisk år i Bømlo Vatn og Avløp, der me fekk svært gode tilbakemeldingar på vatnet vårt og hamna blandt topp-ti nasjonalt i konkurransen om det beste vatnet. Og elles har me fått merksemd frå media og fagforum når det gjeld registrering, leiting og stopping av vasslekkasjar frå nettet vårt. - Suksessane me opplever er eit resultat av det dyktige laget vårt av tilsette.

Så kom korona-pandemien

På kort tid vart verda og Noreg snudd på hovudet og fillerista. Heilt uverkeleg at eit virus slik skulle ta overhand og setja ut samfunns- og næringsliv så voldsomt. På ny må me erkjenne at det er laget vårt, dei dyktige medarbeidarane i BVA me må setja vår lit til. Dei som ihuga og med stor fagkunnskap sørger for at me har godt, sunt vatn i springen og eit velfungerande, forskriftsmessig avløpssystem i drift.

«Ein viktig del av tryggleiken er dyktige medarbeidarar og gode rutinar»

Kritiske samfunnsfunksjonar

BVA leverer det alle etterspør, og særleg no, reint vatn som næringsmiddel, til hygiene og smittehindring.

Me i BVA tok tidleg grep for å passa på at arbeidslaget vårt skal ha best moglege vilkår for å halda seg friske og i arbeid. Med å innføra tiltak som gjer at det ikkje skjer smittekontakt internt, og for å hindra mogleg smitte frå publikum.

Lagbilde på framsida

Som leiar i BVA er eg stolt over det laget vårt har fått til fram til no. Me tenkte at me ville visa ansikt ved dette høvet, difor den litt spesielle framsida på Friskt denne gongen. Eg er

også trygg på at med innførte tiltak, og eventuelle nye, kan klara av vekene og månadane som kjem med god drift av vatn- og avløpstenestene me leverer.

Eg vil samtidig be dykk som er våre kundar å vera medvitne på den endra situasjonen me lever i, ikkje minst avfallshandling av ting som me har større behov for no enn før.

Audun Halleraker,
dagleg leiar



BØMLO VATN OG AVLØP

Vår visjon er:

Liv, helse og vekst til våre kundar og vår vakre natur.

«FRISKT» | Kundemagasin utgjeve av Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Ansv. red. Audun Halleraker
Design & tekst: Synleg AS
Foto: SYNLEGG | Vegard Røslund
Distribuert til hushaldningar i Bømlo.



Framsdebilde:

Våre tilsette arbeider kvar dag for å sikre Bømlo-samfunnet dei kritiske samfunnsstenestene som vatn og avløp er. Me hadde lyst til å visa deg kven me er!

Med to meters
a v s t a n d
står me saman
om å halde ut!

@SkriBente



Vatn og avløp i ei krisetid

- Me i Bømlo Vatn- og Avløpsselskap arbeider heile tida for å sikre Bømlosamfunnet dei kritiske samfunnsstenestene som vatn og avløp er, seier dagleg leiar Audun Halleraker.

- Slik er det også i forhold til krisa Koronaviruset har gjeve oss, fortel Halleraker vidare. - Krisa endrar seg veke for veke, og tiltaka frå styresmaktene og situasjonen i samfunns- og arbeidsliv likeeins, så ting kan ha endra seg noko etter redaksjonen av Friskt blei avslutta, seier Halleraker.

Særlege interne tiltak

Allereie 12. mars sette me i gong særlege smittehindrande tiltak for å forebygga mannskapsmangel. Med 19 tilsette har alle sine oppgåver og skulle mange bli borte frå jobb på ein gong ville det bli utfordrande å halda hjula i gong over tid. Me har til dømes splitta arbeidslaga med ulike oppmøteplassar og dei administrative tilsette jobbar delvis frå heimekontor. Me har ikkje felles fysiske møter eller matpausar. Også hos oss er det blitt

skjerm-møter for å planlegga, drøfta og rapportera frå drifta.

Tiltak ut mot publikum

- Me er svært glade for den gode kontakten me får ha med våre kundar i resepsjonen på BVA til vanleg. Men for å minska risiko for smitte har me mellombels måtta stengt denne servicen for publikum, seier kontorleiar Jorunn A. Habbestad. -

Men dei som har spørsmål eller treng noko frå oss er hjarteleg velkomne til å ta kontakt, på telefon eller via andre kanalar. Me svarer så snart og så godt me kan!

Ekstra HMS?

- Er det slik at de no må nytta ekstra verneutstyr eller ha

andre rutinar i forhold til HMS?

- Det me arbeidar med i BVA til dagleg er i høg grad omfatta hygiene- og HMS-tiltak, seier driftsleiar Jarle Andreassen. - Me nyttar difor normalt verneutstyr, men me har intensivert ein del rutinar, t.d. med oftare reinhald ute og inne for å vera ekstra føre var i denne tida.

Lokale bedrifter del av beredskapen

- Me omgir oss med mange dyktige, lokale leverandørar som me no nyttar

som ein del av vår utvida beredskap. Me har gjort avtalar om bruk av mannskap og utstyr dersom det skulle skje uføresette ting, entreprenørar, serviceselskap og elektrikarbedrifter. Me har inne folk som no blir lært opp i våre system for å kunne ta over om nokon internt skulle bli borte frå jobb. Dette gjeld også administrative funksjonar som må fungera parallelt med dei operative.

Fullskala læring

- Me gler oss sjølvsagt til krisa er over og me kan oppheva alle ekstraordinære tiltak. Så gjer me oss heilt sikkert erfaringar i denne tida som me kan læra av og bygga enno betre beredskapsrutiner på. Dette er på ein måte fullskala læring som det er viktig å læra av, sluttar Audun Halleraker.

Det me tek for gitt,
er det alltid nokon
som jobbar for!

@SkriBente

Foto: SVNL/EC | Vegard Røstland



Det vesle og det store vatnet

Sanninga er at utan vatn, ikkje liv! I alle fall ikkje slik me kjenner det. Vatnet renn inn og ut av oss og transporterer det me treng for å leva.

Næringsstoff, salter, hormon, - alle slags viktige molekyl seilar på vass-straumar gjennom blod-årer og inn og ut av dei tusenvis av milliard celler kroppen vår er bygd opp av. Sett gjennom mikroskopet.

Snur me mikroskopet ser me plutsleg heile jorda som ei stor «klinkekule» med mektige havstraumar, årer av liv og næringssalt gjennom verdshava på kloden. Og skyene som ein del av det store kretsløpet, som mjuke formasjonar, fjon, mest som håret på eit lite barn.

Ukjent trekantdrama
I eit vassmolekyl har to vass-skaparar, to hydrogenatom, lånt ut elektrona sine til eitt atom oksygen. So svoltent er oksyge-

net på desse to elektrona at det trekker dei to hydrogenatoma til seg med stor kjemisk bindingskraft. Vassmolekylet er eit lite trekantdrama! - Du ser, dei to hydrogenatoma likar kvarandre dårleg. Begge har lånt vekk eit elektron med minus-

lading. Slik har begge fått ei plusslading til overs og like la-

Livsviktig nærkamp
Den dramatiske kraftutfoldinga i vassmolekylet endar til slutt i eit kompromiss: Ein trekant der oksygenmolekylet trekker dei to hydrogenatoma til seg frå same sida medan dei på si side vil vera lengst mogleg frå kvarandre!

Vel, det heile endar med eit vassmolekyl der ein del har plusslading og ein del har minus. Desse to ladingane gjev vassmolekylet mange av dei eigenskapane som gjer det så livsviktig! Nemleg vatnet si evne til å løysa opp dei stoffa kroppen


vår treng, der det renn som ei elv gjennom kroppen vår. Løysar opp livsviktige molekyl og fraktar dei der dei skal. - Fantastisk!

Hjartelause plantar
Pluss- og minusdelet på vassmolekylet er ikkje berre livsviktige for oss menneske. Dei er også livsviktige for plantar og tre! - Opp gjennom stilk og stamme går det ein stille straum av vatn. Korleis klarer tre og plantar å pumpe vatnet ut i kvar øvste kvist og minste blad? Verdas høgaste tre er 115 meter høgt! - Tre og plantar har då ikkje noko hjarta?

Nei, men dei har vassrøyr gjennom stilk og stamme. Desse vassrøyra er så tynne som hårstrå. Dei hårtynne vassrøyra brukar pluss og minusladingane i vassmolekylet for å få vatnet opp og fram.

Kva skjer? - Jo dei elektriske ladingane i vassmolekyla blir trekte mot veggane i hårrøyra. Veggane drar vatnet oppover! Det blir kalla hårrøyrseffekten. - Den dreg for eksempel kaffi inn i sukkerbeten, vatnet inn i svampen eller blekket inn i trekkpapiret (for dei som hugsar slikt!).

«Vassmolekylet er rett og slett eit lite trekantdrama!»



Vatnet strøymer inni og rundt oss heile tida, og gir liv... - Me kan undra oss over at eit molekyl drama gjer det mogleg for oss, og naturen rundt oss å leva!

Gløym skiføre...
Pluss- og minusladingar i vassmolekylet er avgjerande for at me skal få snø og is. Når vatnet blir kaldt koplar vassmolekyla seg saman i sekskantmønster. Om du ser på snøkrystall i ei lupe eller mikroskop, ser du at dei som oftast har seks armar som spriker ut til alle kantar. Hadde dei ikkje sprikt slik ville me ikkje fått luftig snø av spinkle krystall. Vatnet ville frose til isklumpar i staden, slik det gjer når vatnet frys, smeltar og frys igjen. Slik det gjer inne i skyene når det kjem hagl. Det ville gjeve dårleg underlag i løypa og mange harde knall og fall!

...eller skeising og isfiske
Pluss og minusladingane gjev oss trygge, islagte vatn, slik at me kan skeisa eller driva isfiske. Sekskantmønsteret som lagar iskrystalla held også ismolekyla saman i eit sekskanta nettingmønster. Dette mønsteret lagar større avstand mellom molekyla enn når dei kan flyta fritt. Dermed er is lettare enn vatn. Fint når me ferdast på islagte vatn. Uheldig for Titanic, som kolliderte med eit flytande isfjell...
Det er verkeleg til å undra seg over!

Artikkelen er skriven av Arnfinn Christensen, forskning.no og gjengitt etter løyve frå forskning.no. Artikkelen er forkorta.



Såpe +vatn =sant Kvifor?

Snodig, liten rakkar

Virus er veldig små (sokalla nanopartiklar) og har ei beskyttande feittkappe. Denne feittkappa taklar vatn ganske godt, men såpe øydelegg dei!

Grunnen til det er at såpe bind seg til feitt og smuss utanpå huda og gjer at det losnar. Når du fjernar dette, følgjer virus og bakteriar med. Du flyttar dei av hendene dine. **For koronaviruset sin del, vil såpa også øydelegge feittkappa**, og dermed viruset. Varmt vatn løysar også opp feitt og gjer såpa meir effektiv. Temperaturen i seg sjølv er ikkje høg nok til å drepa bakteriar. Når det gjeld virus drep ein ikkje dei, (dei lever jo ikkje) men dei blir øydelagte.

Koronaviruset blir også øydelagt ved høg konsentrasjon av sprit. - **Så følg råda til helsemyndighetene - vask hendene godt og lenge, eller bruk handsprit når vasking ikkje er mogleg.**

Midt oppi alle avlysingane vart det på kort varsel arrangert Noregs-meisterskap i Kvardagsliv Dei fleste øvingane er nye for sesongen!

@SkriBente*



@SkriBente heiter Bente Hovland Bergtun og er å finna på Instagram med små samlingar av ord til ettertanke.



Nye hygienevanar, pass på kor du hiv kva!

Det merkest at samfunnet er endra. Me oppheld oss meir heima, og har endra hygienevanane våre.

Og det er heilt nødvendig i den unntakstilstanden me er komne i og det store behovet me har for hindring av smittespreiing. BVA ynskjer å komma med nokre viktige påminningar.

Våtserviettar eit stort problem

Heimeskule og heimekontor kombinert med stort fokus på hygiene for å hindre smitte gjer at me kanskje stundeviss gløymer oss ut når det gjeld kva me kan kasta i toalett og avløp.

Kommunar rundt om i landet melder om havari på avløpspumper og tette røyr som følgje av meir kasting av ting i toalettet som slett ikkje høyrer heima der. – Det som skjer når ting som ikkje skal i toalettet likevel hamnar der er at det klumpar seg

saman og stoppar opp i røyr eller pumper. Når det skjer kan resultatet bli at kloakken renn ut i naturen, eller at nokon får han opp i kjellaren sin.

Mykje rart i toalettet!

Bleier, bind, tampong, til og med strømpbukser kan ein finna i avløpet. Det at ting raknar lett betyr ikkje at det løyser seg lett opp! – Og når me først minner oss sjølv på kva som heller ikkje bør hivast i toalettet: Kaffifilter og -grut, matfett- og olje. Slike ting blir kjølt ned og klumpar seg slik at røyr og pumper går tette.

Ikkje so vanskeleg!

Det er enkelt å unngå å kasta uønska ting i toalettet, du må berre huska to ting:

1. Det du kan ha i toalettet er toalettspapir + det som kjem frå kroppen.
2. Alt anna skal i avfallsdunken, kjeldesortert på vanleg måte.

Me tenkjer ikkje alltid så nøye på kva ting er laga av. Våtserviettar er laga av polyster-

fibrar som ikkje løyser seg opp. Vatt innhald også sterkare fibrar som heller ikkje løyser seg opp. Og sjølv om bomullspinnar i dag gjerne har kjerne av papir tar det lang tid før det løyser seg opp... – Til og med tørkepapir og handklepapir har ein annan samansetning og skal ikkje i toalettet.

Rett bruk av personell

Det er viktig at samfunnskritisk personell no kan konsentrera seg om god vassforsyning og trygg drift av avløpsnett i staden for å bruka mykje tid i miljø med auka smittefare. – Me oppfordrar våre kundar sterkt om ikkje å påføra våre medarbeidarar ei slik ekstra byrde, seier dagleg leiar Audun Halleraker i BVA. – Sjølv om korona ikkje smittar spesielt i avløp er det annan smitterisiko me helst vil unngå i ei unntakstid. – Me treng friske medarbeidarar som kan sikra all kritisk drift her i BVA, seier Halleraker, og at dei slepp å bruka tida si på reparasjonsarbeid. – Ver med på denne viktige delen av dugnaden også, oppfordrar han.



OJ :)

Visste du at:

Vatn er vårt viktigaste næringsmiddel.

Utan mat kan me overleva i fleire veker. – Utan vann kan me berre overleva nokre få døger.

Ein vaksen person treng frå 2-2,5 liter vatn kvar dag.

Me får omtrent ein liter frå maten me et. Me bør difor drikka 1-1,5 liter vatn om dagen.

Me kjenner at me er tørste når me manglar omtrent ein liter. – Det er berre fint å drikka vatn før me blir tørste.

Barn har større fordamping enn vaksne, i høve til størrelsen.

Gamle folk har dårlegare evne til å føla at dei er tørste.

Barn og gamle kan gløyma å drikka. Dei kan bli trøtte, få hoveverk og mista matlysta.

Slike plager kan forresten alle få, hvis dei manglar vatn. Hos vaksne menneske består kroppen av omtrent 70 prosent vatn.

Hos nyfødde utgjer vatn opptil 90 prosent av kroppsvekta.

Knoklar inneheld ca. 20 prosent vatn.

Feittvev inneheld 25 prosent, skjelettmusklar 80 prosent og blodplasma 92 prosent. (Blodplasma er den væskehalde delen av blodet.)

Lungene inneheld nesten 90 prosent vatn.

Leidningsnett for vatn i ein kropp, det vil sei blodårene, har ei lengde på 100 mil, eller 1 000 000 meter! Det er like langt som frå Trondheim til Oslo og tilbake igjen.

Kjelde: Vannkunnskap.no

Dovett-reglar

- Hvis mogleg bør sjuke personer i husstanden bruka eige toalett.
- Vask toaletta med vanlege rengjeringsmiddel ofte. Bruk hanskar.
- Lat att loket før du skyller ned.
- Vask hendene grundig og lenge med såpe og vatn.
- Vask handvask og blande batteri ofte med vanlege rengjeringsmiddel.
- Ikkje kast rusk og rask i do, der sjølv små gjenstandar kan laga store problem.

Kjelde: Stavanger kommune



Foto: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap



Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap rår oss til å ha ein del viktige ting i beredskap for å kunna klara oss sjølv nokre døgn.

Litt ekstra tryggleik i heimen

Bømlø er ein god og trygg stad å bu. Me har stabil leveranse av vatn og straum. Likevel kan det vera lurt å ha ein liten beredskap, sånn i tilfelle...

Me er stort sett avhengige av straum i kvardagen. Det kan vera til oppvarming, lys, matlaging, varmt vatn og ein masse elektriske apparat me omgir oss med. Sjølv om me no har svært stabil levering av straum og vatn kan uvær, naturhendingar sabotasje, tekniske problem, terror eller krigshandlingar føra til at mange mister straum og vatn. Og det kan bli vanskeleg å få tak i naudssynte varer. - Sjansen er ikkje så stor, men det kan skje.

Tenk gjennom kva det vil sei for deg

Om du har eit lite reservelager av det du er mest avhengig av er du betre rusta til å klara deg sjølv nokre dagar. Tenk gjennom kva som kan skje, kva konsekvensar det kunne fått for din familie og korleis de best kunne handtert det. Så er det viktig

at du prøver utstyr du har skaffa deg for beredskap, slik at du veit korleis det verkar og at det verkar.

Dekk behovet i tre døgn

Dei grunnleggjande behova som må dekkast dei første tre døgn av ei krise er varme, drikke, mat, legemiddel, hygiene og informasjon. Mange av oss har allereie ein god del av det me treng for å klara oss sjølv i nokre dagar.

MAT: Du bør ha nok mat i bustaden til å mette alle. Tenk igjennom korleis du skal lage maten dersom straumen eller vatnet

er borte. Dersom du har dyr eller har spesielle behov i dietten, må du planleggje ekstra for det.

DRIKKE: Du treng minst tre liter reint vann per person til drikke og matlaging i døgnet. Vatnet bør lagrast på ein kald, mørk og frostfri stad som bod, garasje eller uthus. Vatnet bør bytast ut ein gong i året, gjerne på ein fast dato.

VARME: Mange bustader har straum som den viktigaste eller einaste kjelda til oppvarming. For å vere betre førebudd på straumbrot, bør du finna alternativ som

passar i din situasjon og bustad. Tenk også på varme klede, pledd og sovepose og gjerne ei avtale med naboar, familie eller vener om å gje deg husly.

LEGEMIDDEL OG FØRSTEHJELP: Alle bør meistre grunnleggjande førstehjelp. Er du avhengig av legemiddel eller medisinske hjelpemiddel, bør du snakke med legen din eller apoteket om utsiktene til å ha ei ekstra behaldning.

HYGIENE: Utan varmt vatn, eller i verste fall heilt utan vatn, er det viktig å tenkje på personleg hygiene og korleis vere reinsleg rundt mat og matlaging. Dårlig hygiene er grobotn for smitte og sjukdomar.

INFORMASJON: Ved kriser og ulukker er det viktig at du har tilgang på offisiell informasjon om kva som skjer og kva du bør gjere. Varslingsanlegga (ofte kalla tyfonar eller flyalarmen) kan brukast når befolkninga skal varslast om akutt fare. Når alarmen ular, tyder det at du må søkje informasjon. NRK P1 er beredskapskanalen som skal sikre informasjon til publikum, også dersom andre nyhendemedium og offentlege nettsider ikkje er tilgjengelege.

Kjelde: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap



GENERELL BEREDSKAP

Slik lagrar du vatn

Vatn kan fint lagrast i årevis. Følg gjerne råda i denne artikkelen som bygger på Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap sine tilrådingar.

Reingjer flasker og dunkar

For å sikra at vatnet held seg lengst mogleg bør du vaska flasker eller dunkar med såpe og vatn og skylja dei. Tilsett etter det to korkar hushaldningskloring pr. 10 liter vatn og lat det stå minst 30 minutt før du skyl godt.

Fyll på kald vatn

Etter reingjeringa fyller du kaldt vatn på flaskene eller dunkane til dei er heilt fulle. Ved å la vatnet renna til det er heilt kaldt sørgjer du for at vatnet er ferskt. Varmt vatn er dessutan ikkje tilrådd sidan det kan innehalda frigjorte metall frå røyrnettet.

Mørkt og kjøligt er best

Vatn skal helst lagrast ein stad det er mørkt og kjøligt utan direkte sollys. Sollyset og høg temperatur kan langsamt bryta ned plastbehaldarane slik at det blir lukt og smak på vatnet. Det kan også føra til algevekst.

Ikkje oppbevar vatnet i rom der det er bensin, plantevernmidlar eller andre liknande stoff, sidan damp frå desse kan trenga inn i plast.

Frost gjer at vatn frys. det kan øydeleggja ei full flaske sjølv om kvaliteten ikkje treng bli dårlegare.

Kan halda seg i årevis

Vatn med god kvalitet som er tappa på godt reingjorte behaldarar kan stå i årevis utan at det er farleg å drikka det. Med tida vil stoff frå behaldarane leka ut i vatnet. Det vil påverke smaken, men vatnet er ikkje farleg å drikka. Det kan derimot vera ein god idé å sjekka beredskapslageret av vatn ein gong i året og byta ut vatnet. Du kan også lagra vatn på glas, det er tettare og slepp difor inn mindre lukt og smak.

Kjelde: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap

Ditt eige beredskapslager

Nedanfor er eit døme på kva ein kan ha i hus for å klare seg sjølv tre døgn.

- 9 liter vatn per person
- To pakker knekkebrød per person
- Ei pakke havregryn per person
- Tre boksar middagshermetikk eller tre posar tørrmat per person
- Tre boksar pålegg med lang haldbarheit per person
- Nokre posar tørka frukt eller nøtter, kjeks og sjokolade
- Medisinar du er avhengig av
- Ved-, gass- eller parafinomn til oppvarming
- Grill eller kokeapparat som går på gass
- Stearinlys, lommelykt med batteri, parafinlampe
- Fyrstikker eller lighter
- Varme klede, pledd og sovepose
- Førstehjelpspakke
- Batteridrivne DAB-radio
- Batteri, batteribank og mobilladar til bilen
- Våtserviettar og desinfeksjonsmiddel
- Tørke-/toalettpapir
- Litt kontantar
- Ekstra drivstoff og ved/gass/parafin/raudsprit til oppvarming og matlaging
- Jod-tablettar ved atomhendingar

Kjelde: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap



Etablerar Glenn Thore Grønås syns han er komen lenger enn han hadde tenkt etter to års drift

Installerte berøringsfrie servantarmatur gratis!

Bømlo Mesterrør er ei ung røyrløslag-bedrift i kommunen vår som allereie har markert seg med positive tiltak i koronakrisa.

For vel to år sidan starta Glenn Thore Grønås si eiga bedrift. – Eg hadde eit ønske om å skapa noko, styra kvardagen meir sjølv, setja nokre mål å jobba mot, seier den unge røyrløslagjarmeistaren.

Godt mottatt i marknaden

– Me er komne mykje lenger på kort tid enn eg tenkte då eg starta opp, fortel Glenn Thore. Me er no to røyrløslagjarar og ein lærling. I fjor omsette me for vel 7 mill. kroner. – Me har privatkundar med behov for røyropplegg i nye bustader, serviceoppdrag eller oppussing av bad, både direkte og gjennom samarbeidande byggefirma.

Ei annleis tid med korona

– Det er klart at me merkar at ting har endra seg etter koronapandemien slo inn, seier Glenn Thore, men me har fullt

opp å gjera, hedigvis. Me set stor pris på tolmodet og smidigheita kundane viser i denne tida, seier han, er folk t.d. i karantene respekterer dei at me ynskjer å venta med å komma. – Så er me sjølvstøtt spente på kva dette vil føra til for oss over tid.

Ein positiv måte å få merksemd

Bømlo Mesterrør la 17. mars ut følgjande på Facebooksidene sine: «I dag har me levert og montert 6 berøringsfrie servantarmaturer til Bømlo Ambulansstasjon og Bremnes

«Det har me gjort kostnadsfritt for å være med i dugnaden for å bekjempe covid-19 viruset.»
Glenn Thore Grønås

Brannstasjon. Det har me gjort kostnadsfritt for å være med i dugnaden for å bekjempe covid-19 viruset.»

– Ja, det har me fått mykje god respons på, smiler Glenn Thore. – Det blei mykje snakk om hygiene, meir enn det

vanlege, blandt anna handvask. Me tenkte at nokon kanskje hadde større behov, kanskje utan å vera klar over kva som finns. Så eg ringte sjefane på brann- og ambulansstasjonen, dei må jo vera på jobb, og det fekk eit stort ja takk frå begge! Eg tenkte at dette kunne vera ein

måte me kunne bidra til dugnaden, som dei har kalla det her i landet. – Og så er jo dette eit hygienetiltak som virkar langt ut over denne pandemien, legg han til.

Veldig praktisk og hygienisk

– Det me gjorde har også gitt merksemd og god marknadsføring. Folk eg ikkje kjenner kjem og seier «flott da dåke gjorde der med ambulansen!» fortel den unge etableraren. – Merksemda rund berøringsfrie armatur har også gjort at fleire har bestilt slike mellom anna barnehagar.

Mål og ambisjon framover

– Ikkje lov meg noko du ikkje kan halda. Lov meg heller noko du kan halda, tenkte eg fleire gongar då eg bygde hus, seier Glenn Thore. – Det har me som målsetting her i firmaet vårt, å gjera avtalar og halda dei. Så er me opptatt av å levera kvalitet. Me tar ingen snarveg. Mykje går an, men me vil heller mista eit oppdrag enn å gjera noko me ikkje kan stå inne for.

– Det skal vera kjekt å vera på jobb her hos oss. Ambisjonen er å veksa litt, få lærlingen til å bli fagarbeidar og kanskje ein fagarbeidar til når tida er der, avsluttar Glenn Thore.



Foto: Shutterstock

Hugsar du då Monopol tok for lang tid!

Då me følte at intimsone var broten når naboen stod 25 cm frå ansiktet vårt og spurte kva som var nytt i bygda?

– Då me syns det blei vel mykje ting å vera med på og me lengta etter ein kveld i sofakroken?
– Då me syns lærarane ikkje jobba nok?
– Eller at me syns nettbrett var ein uting, puslespela støva ned og Monopol tok for lang tid!

Snudd på hovudet

På nokre få veker har kvardagen vår endra seg drastisk! No føler me oss uvel dersom naboen kjem nærare enn ein meter! - Og når me ser på tv-en at artistar syng duett ansikt mot ansikt er tanken der med ein gong, dette var tatt opp før korona! - Og som nybakte heimalærarar forstår me ikkje korleis lærarane i skulen klarer å hanskast med heile klassar, me er utslitne etter veker med to-tre «elevar»!

Me endrar vanar

Puslespela er komne fram. Monopol har fått sin renessanse. Og me ser på det som skjer i vår eiga bygd på skjerm, faktisk både konsertar, ordføraren sine appellar, gudstenester og meire till! - Og me ringer dei me ikkje har ringt på lange tider!

Å møta nye og presentera seg utan å helse i handa var utenkeleg før, ja direkte uhøflig. No er det standarden!

Tenk det!

Slik kan me rekna opp mange ting. Verda har endra seg. Så kan me tenka og fundera, kva skjedde då koronaen treffe oss? - Og det er jo faktisk fleire veker sidan!

Hugs du kan vinne kampar trass motsol og motvind i begge omgangane!
@SkriBente

Korona-isolasjonen har ført til fornying for mange brettspill


Vannvittig :-)

Godt vaksen dame: No har eg vaska meg so grundig at eg oppdaga eit diskotekstempel frå russetida på eine handa!

Fritt etter komikar Linn Skåber



Bømlo Vatn og Avløpselskap AS
Org. nr. 985 228 825
Pb 214, 5445 Bremnes
Besøk: Hollundsdaalen 21
Tlf: 53 42 88 40
Vakt: 53 42 88 45



SYNLEGG.NO

Naturen
var ferdig med
karantenetida
og sprang ut!

@SkriBente

Foto: SYNLEGG | Vegard Røstland



friskt

Våren er her med løfte om nytt liv og
håp om normalisering i samfunnet vårt.